

# Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11

## Føremål

Skuleeigar har plikt til å ha eit forsvarleg system for å oppfylle krav jf. opplæringslova § 13-10.

Føremålet er å sikre at Hordaland fylkeskommune som skuleeigar følgjer opp skulane i høve elevane sine rettar til skulemiljø etter opplæringslova kapittel 9A og 11.

Det overordna målet med tilsynet er å bidra til at alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Dette er ein individuell rett for alle elevane. Tilsynet skal bidra til å styrke arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd.

## Omfang

Retningslinjene gjeld skuleeigar og alle dei vidaregåande skulane i Hordaland. Skuleeigar kan etter nærmare vurdering setje i verk tilsyn. Det skal gjennomførast tilsyn ved eit utval skular kvart år. Tilsynet skal sikre at skulane følgjer opp ansvar for kvalitetssikring i tråd med rutinar og retningslinjer knytt til oppfølging av krav i §9A slik dei kjem fram i kvalitetsportalen.

Rutinane omfattar krav til:

- Skulen sitt førebyggjande arbeid, jf. opplæringslova §§ 9a-3 første ledd og 9a—4 første ledd
- Skulen si individretta handlingsplikt jf. opplæringslova § 9a-3 andre og tredje ledd
- Skulen si plikt til å samhandle med og involvere råd og utval jf. opplæringslova §§ 9a-5 og 9a-6, samt kapittel 11.

## Gjennomføring

### Til grunn for tilsynsbesøk

Tilsynsbesøka skal varslast i god tid og skal gjennomførast på grunnlag av innsendt dokumentasjon frå skulane. Førebuing og gjennomføring av tilsynsbesøk skal skje i dialog mellom skuleeigar og skulane. Aktuelle tema i tilsynsbesøka vil vere:

1. **Skulen sitt førebyggjande arbeid**, jf. opplæringslova §§ 9a-3 første ledd og 9a—4 første ledd:
  - Kva mål har skulen satt seg for det psykososiale miljøet på skulen, og for skulemiljøarbeidet?
  - Kva interne rutinar har skulen for arbeidet med det psykososiale skulemiljøet?
  - På kva måte skaffar skulen seg kunnskap om miljøet på skulen? Til dømes rutinar for kartlegging, inspeksjonsrutinar, elevsamtaler osv.
  - På kva måte blir resultatane frå kartleggingar/undersøkingar brukt?
  - I kva grad er leiinga ved skulen med i den daglege gjennomføringa av det systematiske og kontinuerlege arbeidet med det psykososiale miljøet?

- 2. Skulen si individretta handlingsplikt** jf. opplæringslova § 9a-3 andre og tredje ledd:
- På kva måte er alle dei tilsette på skulen gjort kjende med plikta til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei har mistanke eller kjennskap til krenkjande åtferd?
  - Kva rutinar har skulen når det gjeld varsling til skuleleiinga dersom dei tilsette oppdagar krenkjande åtferd?
  - Er det diskutert/fastsett på skulen kva som blir rekna som uønska åtferd?
  - Er foreldra og elevane på skulen informerte om retten til å få enkeltvedtak? Dersom ja, korleis er dette i så fall gjort?
  - Er det gjort enkeltvedtak på skulen etter oppmoding om tiltak frå foreldre eller elevar?
  - Er det gjort enkeltvedtak om det psykososiale miljøet på skulen på bakgrunn av tilhøve som dei tilsette sjølv har oppdaga og meldt frå om? (ikkje kome oppmoding frå elev/foreldre)
- 3. Skulen si plikt til å samhandle med og involvere råd og utval** jf. opplæringslova §§ 9a-5 og 9a-6, samt kapittel 11:
- Er det oppretta elevråd, skuleutval og skulemiljøutval ved skulen?
  - På kva måte er skulemiljøutvalet samansett?
  - Kva rutinar ligg føre for å informere dei ulike råda og utvala om tilhøve som er vesentlege for skulemiljøet?
  - Kor ofte har det vore gjennomført møte i skulemiljøutvalet siste skuleår?
  - På kva måte er elevane involvert i det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet?
  - Kva slags opplæring får skulemiljørepresentantane for å skjømte oppgåvene sine?

### **Oppgåver for skuleeigar:**

- Skuleeigar skal gje skriftleg melding om tilsyn til den enkelte skule v/ rektor
- Skuleeigar skal lage plan for gjennomføring av tilsynsbesøk i dialog med skulen ved rektor
- Skuleeigar skal godkjenne skulen sin plan for korrigering av avvik og vurdere oppfølgingsmøte ved behov

### **Oppgåver for skuleleiinga v/ rektor:**

- Skuleleiinga v/ rektor gjennomfører eigenevaluering og sender dokumentasjon innan fastsett frist.
- Skuleleiinga ved rektor har ansvar for å lage plan for korrigering av eventuelle avvik som blir avdekka gjennom tilsynet.

## **Ansvar**

Fylkesdirektør opplæring